

# **Reindriftsplan for Lom tamreinlag ANS 2016-2018.**

Lom tamreinlag vart stifta i 1926.

## **Lovgrunnlaget og avtaler.**

I vedtektena for Lom tamreinlag frå 1926 står det:

§ 1: «Lom tamreinlag er et andelslag med personlig og solidarisk ansvarlige medlemmer.

Laget er stiftet for å utnytte unyttet havn i Lomsfjellene.

Lagets formål er tamreindrift, salg av kjøtt og skinn og artikler herav. Lagets kontor er i Lom.»

§ 2, 1. ledd: «Andelshaverne må bo i Lom.»

Endringar i 2008 av «Selskapslova av 1985» førde til at Lom tamreinlag frå 2012 er organisert som eit ansvarleg selskap, eit ANS.

I dei nye vedtektena, nå kalla «Selskapsavtale for Lom ANS», står det:

§ 2, 1. ledd: «Lagets formål er tamreindrift, salg av kjøtt, skinn og artikler herav, samt alt som følger naturlig av dette.»

§ 3, 1.ledd: «Deltagerne skal være norske statsborgere, bosatt i Lom kommune og skattepliktig i Lom».»

§ 5, 1. og 2. ledd: «Innad er hver enkelt deltagar bare ansvarlig for selskapets forpliktelser i forhold til sin eierandel. Utad er deltagerne solidarisk ansvarlig for selskapets forpliktelser.»

Lovgrunnlaget for drifta i Lom tamreinlag finn ein i «Fjellova av 1975», § 17 og i «Lov om reindrift av 2007», §§ 1, 8 og 62.

Lom tamreinlag, som dei tre andre tamreinlaga i Oppland, driv med konsesjon, seinast stadfesta av Landbruksdepartementet den 4. 11. 1981, etter «Lov om reindrift av 1978, § 5. Konsesjonen gjeld for ein vinterflokk på inntil 3000 dyr.

Lom tamreinlag har avtale med Lom fjellstyre om bruk av statsgrunn i Visdalen, Leir- og Bøverdalen statsalmenning og den delen av Vårdalen statsalmenning som ligg sør for Otta elv. Avtala blir reforhandla kvart 10. år og kan i denne perioda takast opp etter 5 år.

Andre beiteavtalar har laget med Lomseggen sameige, Uppigard Sulheim, Bøverdalen østside grunneigarlag, og med Vågå fjellstyre og Vang fjellstyre.

Lom tamreinlag har også avtalar med Luster fjellstyre og med styret i bygdaalmenninga Skjåk almenning. Desse avtalane gjeld beiteområda til Lom tamreinlag i vest- og nordgrensene i Lom kommune mot villreinområda i Luster kommune og Skjåk kommune.

Det er også ei gjensidig avtale mellom dei fire tamreinlaga hvis enkeltdyr frå dei andre tamreinlaga kjem inn i framand flokk.

## **Organisering.**

Lom tamreinlag har eit styre på 5 medlemer, ei kontrollnemnd på 3 medlemer og ei valnemnd på 3 medlemer, alle med varamedlemer og valde av årsmøtet.

Laget har 225 andelseigarar med tilsaman 1068 andelar. Lom kommune er største andelseigaren i laget med 60 andelar.

Laget har 4 fast tilsette gjætarar og i tillegg to gjætarar i sommarhalvåret. Ved samlingar og under slaktinga er det i tillegg innleigd arbeidskraft, som stort sett er andelseigarar og familiemedlemer av desse. Styret og medlemer av nemndene tek aktivt del i dette arbeidet.

Lom tamreinlag er medlem i Kontaktutvalget for tamreinlaga i sør-Norge saman med dei tre andre tamreinlaga, Vågå tamrein, Fram reinlag og Filefjell reinlag. Gjennom dette utvalget har laget kontakt med Norske Reindriftsamers Landsforbund, NRL.

Lom tamreinlag er medlem i Nortura og leverer slakt dit.

### **Beiteområdet og flyttleier. Gjæting.**

Konsesjonsområdet, og dermed beiteområdet, er statsgrunn og privatgrunn i Lom kommune. I tillegg leiger Lom tamreinlag, saman med Vågå tamrein, eit mindre område i Vang kommune etter avtale med Vang fjellstyre. Lom tamreinlag disponerer såleis 1250 km<sup>2</sup> i Lom kommune.

Reinen kalvar i Smådalen og Veodalen og beiter i desse områda og vestover mot Gjende i sommarhalvåret. Om sommaren går reinen fritt. Gjætarane passar ytterkantane aust og sør mot Vågå og nabokommunane i Valdres. Det er sperregjerde mot Russvatnet i Vågå. Hyttene i Smørlia ved Tesse, ved Russvatnet og ved Leirvassbu blir da nytta. I midten av september har laget inntak og slakting på feltanlegget ved Grønhø i området mellom Veodalen og Smådalen. Så blir flokken sleppt fritt i paringstida, og blir samla på nytt i desember på feltanlegget i Solhell ved foten av Soleggja for vinterslakting. Så blir vinterflokk samla og ført vestover mot områda ved Visdal, Leirdalen, Bøverkinnhalsen og Sognefjellet. Vinterbeiteområdet er statsgrunn og privatgrunn på Leiråsen, Lomsegga og Sognefjellet. På vinterføre i april blir så flokken ført austover gjennom Leirdalen til Visdal, over Skautflya til kalvingsområda i Smådalen og Veodalen. Stort sett beiter reinsflokk i fjellområde over 900 meter.

### **Reintal og produksjon.**

Lom tamreinlag har ein vinterflokk på bort imot 2 400 dyr. Dette fordeler seg på om lag 1750 simler, 250 simlekalvar og 300 bukkekalvar. Vinterflokk blir utrekna ved slepping etter vinterslaktinga i Solhell i desember. Paringbukken, fødd våren året før, er da slakta. Her er avtalepartane velkomne til å vera med på teljingane. Det blir årleg slakta om lag 1750 dyr med ei samla slaktevekt på omlag 53 000 kg. Slaktevektene på kalv har eit gjennomsnitt 25-27 kg, og kalvar over gjennomsnittsvekt blir sette på til liv. Nortura på Otta slaktar på feltanlegget på Grønhø i september og tek imot vinterslakta på Otta i desember. Horn og skinn blir leverte til Granberg Garveri i Ølen.

Nærmore informasjon om produksjon mm. finn ein på [www.reindrift.no](http://www.reindrift.no) i «Resursregnskap for reindriftsnæringen» og «Totalregnskap for reindriftsnæringen» publisert kvart år av Landbruksdirektoratet.

### **Slakteamlegg, tråer og hytter.**

Lom tamreinlag har eit godkjent feltslakteamlegg ved Grønhø i fjellområdet mellom Veodalen og Smådalen. Dit blir reinen samla for haustslaktinga i september. Nortura kjem dit med slaktarar, står for veging og transport etter godkjenning av Mattilsynet for Gudbrandsdalen. Reindriftsforvaltninga på Røros og det interkommunale Næringsmiddeltilsynet på Otta fram til 2004, og Mattilsynet i Gudbrandsdalen etter 2004 har kvart år sidan 1986 hatt ansvaret for måling av radioaktivitet på levande dyr før slakting, og i visse tilfelle på kjøtprøver etter slakting. Dette gjeld først og fremst radioaktivt cesium etter Tsjernobylulykka i 1986.

Det er bilveg til Grønhø sommar og haust. Der er det stor beitehage med rennande vatn, sil, gjerder, hytte, brakke og slakteamlegg. Avfall går i konteinrarar, slakta blir henta med kjølebil til

Nortura på Otta. Nokre heile skrottar blir selde direkte frå slakteplassen.

Laget har og feltanlegg med beitehage, sil og trøer i Solhell for levering med dyrebil til Otta i desember. Transporten tek om lag ein time.

Vidare har laget halde ved like anlegget på Bøverkinnhalsen ved fylkesveg 55 mot Sognefjellet. Dette er den gamle slakteplassen til Lom tamtreinlag. Tråa blir brukt til inntak for teljing o.l. ved flytjing til vinterbeiteområdet på Lomseggen og Sognefjellet. Anlegget kan setjast vidare i stand for slakteuttak og transport til Otta. Køyretid om lag 1 ½ time.

Den tidlegare kalvmerkingstråa i Veodalen er ikkje lenger i bruk. Nå blir kalvane merkte ved utslepp på Grønhø i september. Tidlegare var det kalvmerking i Veodalen ei natt midtsommars.

Lom tamreinlag har gjætarhytter i Smørlia fremst i Smådalen mot Tesse, i Solhell ved feltanlegget der, ved Leirvassbu, på Bøverkinnhalsen og ved Krossbu, både nær fylkesveg 55, og ved Russvatnet.

Vidare kan gjætarane nytte hytte som Lom fjellstyre har i Veodalen og Storådalen og hytter på privat grunn i Lomseggen. Gjætarane har og ved høve overnatta i Memurubu og Gjendebu.

### **Verneområde.**

Smådalen landskapsvernombordet er ein del av kalvings- og beiteområdet for Lom tamreinlag. Vidare ligg Jotunheimen nasjonalpark i sommar- og haustbeiteområdet. Galdhøpiggen og Glittertind er såleis i dette området. Høyrokampen naturreservat ved Bøverkinnhalsen og Høydalen landskapsvernombordet ligg like ved og i vinterbeiteområdet og ved flyttleia til og frå vinterbeiteområdet. Laget har lite problem eller vanskar med å drive i desse områda. Sjå elles avsnittet om «Spesielle utfordringar». Verneområda virkar heller som eit vern mot andre inngrep. I Smådalen er beitetida regulert i avtala med Lom fjellstyre.

Turisttrafikken og ferdsel etter merka stigar i Jotunheimen nasjonalpark har så langt ikkje ført til vansker for drifta. Tamreindrift er ei tradisjonell næring som er skjerma og teken omsyn til ved utarbeiding og rullering av verneforskrifta.

### **Bruk av motoriserte hjelpemidlar.**

Lom tamreinlag brukar skuter om vinteren til gjæting, frakt mm. Hundane er med på skuterane. Bil blir nytta på offentleg veg og på privat veg om sommaren. To- eller firehjuling blir ikkje nytta i utmark. Om sommaren skjer gjætinga til fots. Helikopter blir nytta ved inntak i september. Sjå elles avsnittet om gjæting.

### **Tilhøvet til andre næringar og utmarksbruk.**

Tilhøvet til jordbruket er godt. Ved vårbeiting av tamrein på sæterkveer blir dette fylgd opp ved ekstra gjæting, samtalar, synfaring og bøting av eventuell skade, istandsetjing av eventuelt øydelagd gjerde, eller ved økonomisk vederlag.

For reiselivet kan vårflytjinga vera ein attraksjon.

Tamreinlaget har ikkje registrert motsetnader til jakt på elg og hjort og anna vilt. Det er ikkje villreinjakt i Lom kommune sør og vest for Otta elv.

### **Spesielle utfordringar.**

Tamreindrifta i Lom har nokre utfordringar.

Særleg må nemnast dei 7 mil med grense mot Skjåk kommune etter høgste Lomseggen og vidare mot vest og sør, og såleis mot villreinområdet i Breheimen nasjonalpark. Eventuelle grenseoverskridinger vinterstid er regulert i ei avtale med Skjåk allmenning ved styret. Likevel kan overskridinger vera problematiske. Om våren, når Lomsreinen ikkje er i området, kan villreinflokkar koma inn i Leir- og Bøverdalen statsalmennung og på privat grunn på Lomssida. Dette gjeld først og

fremst mindre bukkeflokkar, og desse sørvendte sidene på Lomsegga , inkl. Netosæterfjellet og Høydalen i Lom, som ligg utanom villreinområdet, har ved fleire høve vorte kalla biologisk leveområde for villreinen.

Sjå «Framlegg til forvaltningsplan for Breheimen nasjonalpark med tilgrensande verneområde» s. 26 og s. 92 og vedlegg 15 «Temakart: Konsesjonsområde for tamrein i Breheimen».

Viser og til brev frå Lom tamreinlag til Oppland fylkeskommune og til Landbruks- og matdepartementet og Reindriftsstyret datert 16. januar 2014, som er kommentar til 2. gongs høyring av «Regional plan for Ottadalsområdet, Ottadalen villreinsområde».

Sjå og «Reinens områdebruk i Ottadalsområdet (Reinheimen-Breheimen), 2014 ved Villreinutvalget Ottadalsområdet», avsnittet «Sørøst-området».

Lom tamreinlag meiner laget gjæter flokken godt, og at gjætarane har god fagleg og praktisk innsikt. Dette gjeld og for vinterbeitet i området Sognefjellet-Lomsegga. Laget ynskjer på ingen måte samanblanding med villrein. Dette vil øydeleggja ein god flokkstruktur og gjera gjætinga svert vanskeleg.

Når det gjeld rovdyr ligg kalvingsområdet for Lomsreinen i det utvida ynglingsområdet for jerv i sone 3. Styret meiner at jerv ved fleire høve har skremt rein utfor stup. Dette er og stadfesta av Statens naturoppsyn, ma i Leirdalen. Vidare er det hekkande kongeørn, havørn, streifulv og streifande bjørn i området. Det er år om anna hanbjørn i hi nær kalvingsområdet. Kongeørna tek, også i samvirke med havørn, reinskalvar om våren.

Klimaendringar ser ut til å kunne gjera tamreindrifta vanskelegare i område med djupe dalar og bratte fjellsider. Snøras i slike område er meir vanleg enn før, og Lom tamreinlag har mista flokkar i store ras både ved Bøverkinnhansen like over ein vinterstengd fylkesveg 55 (Sognefjellsvegen), og i Lomsegga mot Bøverdalene.

Ulykka i atomreaktoren i Tsjernobyl i Kviterussland i 1986 førde med seg radioaktivt nedfall også i beiteområda for tamreinlaga. Dette har, sidan 1986, ført til mykje ekstra arbeid for laget og beiteområda vil vera belasta i mange år enda. Halveringstida for cesium, hovudstoffet i det radioaktive nedfallet, er 30 år.

### **Revidering og rulling av distriktsplanen.**

Dette er den fyrste distriktsplanen for Lom tamreinlag. Planen vil bli revidert av styret hvis det kjem kommentarar som styret vurderar som vesentlege.

Elles bør denne fyrste planen rullerast etter 2 år, seinare kvart 4. år.

Vedlegg: Reindriftskart for Lom tamreinlag

